

DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 874/2012**2017/EØS/51/56**

av 12. juli 2012

om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar^(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU av 19. mai 2010 om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar⁽¹⁾, særleg artikkel 10, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Direktiv 2010/30/EU krev at Kommisjonen vedtek delegerte rettsakter med omsyn til merking av energirelaterte produkt som representerer eit viktig potensial for energisparing, og som har store skilnader i prestasjonsnivåa med tilsvarende funksjonalitet.
- 2) Ved kommisjonsdirektiv 98/11/EF⁽²⁾ vart det innført føresegnar om energimerking av hushaldslampar.
- 3) Elektrisitetforbruket til elektriske lampar utgjer ein stor del av det samla behovet for elektrisitet i Unionen. I tillegg til dei betringane i energieffektiviteten som alt er oppnådde, er det godt mogleg med ein endå større reduksjon av energiforbruket til elektriske lampar.
- 4) Direktiv 98/11/EF bør opphevast, og nye føresegnar bør fastsetjast i denne forordninga, for såleis å sikre at energimerkinga gjev leverandørane eit dynamisk stimuleringstiltak for å gjere elektriske lampar endå meir energieffektive, og for å framskande omlegginga

av marknaden i retning av ein energieffektiv teknologi. Verkeområdet for direktiv 98/11/EF er avgrensa til visse former for teknologi i kategorien hushaldslampar. For at merkinga skal kunne nyttast til å betre energieffektiviteten til andre former for lampeteknologi, medrekna lysgjeving på arbeidsplassar, bør denne forordninga òg omfatte retningsbestemte lampar, lampar med ekstra låg spenning, lysemmitterande diodar og lampar som i hovudsak vert nytta til lysgjeving på arbeidsplassar, til dømes høgintensive utladingslampar.

- 5) Lysarmaturar vert ofte selde med innbygde eller medfølgjande lampar. Denne forordninga bør sikre at forbrukarane får informasjon om kompatibiliteten mellom lysarmaturen og energisparelampar, og om energieffektiviteten til dei lampene som følgjer med lysarmaturen. Samstundes bør denne forordninga ikkje påleggje lysarmaturprodusentar og -detaljistar ei urimeleg administrativ byrde, og heller ikkje skilje mellom ulike lysarmaturar når det gjeld plikta til å gje forbrukarane opplysningar om energieffektivitet.
- 6) Dei opplysningane som er oppførte på etiketten, bør byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduerbare målemetodar som tek omsyn til dei nyaste sannkjende metodane, medrekna eventuelle harmoniserte standardar vedtekne av europeiske standardiseringsorgan som er nemnde i vedlegg I til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF⁽³⁾.
- 7) Ved denne forordninga bør det fastleggjast ei einsarta utforming av og eit einsarta innhald på etiketten til elektriske lampar og lysarmaturar.
- 8) I tillegg bør denne forordninga innehalde krav til den tekniske dokumentasjonen for elektriske lampar og lysarmaturar og til databladet for elektriske lampar.

^(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 258 av 26.9.2012, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 77/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 39.

⁽¹⁾ TEU L 153 av 18.6.2010, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 71 av 10.3.1998, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 204 av 21.7.1998, s. 37.

- 9) Denne forordninga bør dessutan omfatte krav til dei opplysningane som skal gjevast ved alle former for fjernsal og reklame og i teknisk salsfremjande materiell for elektriske lampar og lysarmaturar.
- 10) Føresegnene i denne forordninga bør vurderast på nytt med omsyn til dei teknologiske framstega.
- 11) For å lette overgangen mellom direktiv 98/11/EF og denne forordninga bør hushaldslampar som er merkte i samsvar med denne forordninga, reknast for å oppfylle krava i direktiv 98/11/EF.
- 12) Direktiv 98/11/EF bør difor opphevast —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. Ved denne forordninga vert det innført krav til merking av og oppføring av utfyllande produktopplysningar på elektriske lampar, til dømes

- a) glødetrådslampar,
- b) lysrøyr,
- c) høgintensive utladingslampar,
- d) LED-lampar og LED-modular.

Ved denne forordninga vert det òg innført krav til merking av lysarmaturar som er utforma for drift med slike lampar og marknadsførte overfor sluttbrukarar, òg når armaturane er innbygde i andre produkt som ikkje er avhengige av energitilførsel for at dei skal kunne nyttast til hovudføremålet sitt (til dømes møblar).

2. Følgjande produkt skal ikkje vere omfatta av verkeområdet for denne forordninga:

- a) Lampar og LED-modular med ein lysfluks som er lågare enn 30 lumen.
- b) Lampar og LED-modular som vert marknadsførte til bruk med batteri.
- c) Lampar og LED-modular som vert marknadsførte til bruk der hovudføremålet ikkje er lysgjeving, til dømes
 - i) utsending av lys som agens i kjemiske eller biologiske prosessar (til dømes polymerisasjon, fotodynamisk terapi, hagebruk, stell av kjæledyr, insektmiddel),
 - ii) biletopptak og -projeksjon (til dømes blitslys til kamera, kopieringsmaskiner, videoprojektørar),
 - iii) oppvarming (til dømes infraraude lampar),
 - iv) signalgjeving (til dømes lampar til bruk på flyplassar).

Desse lampane og LED-modulane vert ikkje omfatta av unntaket når dei vert marknadsførte for lysgjeving.

- d) Lampar og LED-modular som vert marknadsførte som del av ein lysarmatur, og som ikkje er meint å skulle fjernast av sluttbrukaren, bortsett frå når dei som einskildprodukt vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling eller vert stilte ut for sluttbrukaren, til dømes som reservedelar.
- e) Lampar og LED-modular som vert marknadsførte som del av eit produkt som ikkje i hovudsak vert nytta til lysgjeving. Dersom dei som einskildprodukt vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling eller vert stilte ut, til dømes som reservedelar, skal dei likevel omfattast av verkeområdet for denne forordninga.
- f) Lampar og LED-modular som ikkje oppfyller dei krava som skal nyttast frå 2013 og 2014 i samsvar med forordningar som gjennomfører europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF⁽¹⁾.
- g) Lysarmaturar som er utforma for drift berre med dei lampane og LED-modulane som er oppførte i bokstav a), b), c) og e).

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2010/30/EU, nyttast. Vidare tyder:

- 1) «lyskjelde» ei overflate eller ein gjenstand som er utforma for å sende ut hovudsakleg synleg optisk stråling som vert framstilt ved omdanning av energi. «Synleg» tyder ei bølgjelengd på 380–780 nm,
- 2) «lysgeving» bruk av lys på ein stad eller på gjenstandar eller omgjevnadene deira slik at dei vert synlege for menneske,
- 3) «aksentlysgeving» ei form for lysgeving der lyset vert retta på ein slik måte at det framhevar ein gjenstand eller ein del av eit område,
- 4) «lampe» ei eining som har ei yting som kan vurderast uavhengig, og som er samansett av éi eller fleire lyskjelder. Han kan omfatte eventuelle tilleggskomponentar som er naudsynte for tenning, straumforsyning eller stabil drift av eininga, eller for fordeling, filtrering eller omforming av den optiske strålinga dersom desse komponentane ikkje kan fjernast utan at eininga vert skadd permanent,
- 5) «lampesokkel» den delen av ein lampe som syter for kontakt til straumforsyninga via ein lampehaldar eller lampekontakt, og som òg kan tene til å halde lampen fast i lampehaldaren,
- 6) «lampehaldar» eller «haldar» ei innretning som held lampen på plass, vanlegvis ved at lampesokkelen vert ført inn i haldaren; i slike tilfelle fungerer han òg som kopling mellom lampen og straumtilførselen,
- 7) «retningsbestemt lampe» ein lampe der minst 80 % av lyset vert avgjeve innanfor ein romvinkel på π sr (som tilsvarar ei kjegle med ein vinkel på 120°),

⁽¹⁾ TEU L 285 av 31.10.2009, s. 10.

- 8) «ikkje-retningsbestemt lampe» ein lampe som ikkje er ein retningsbestemt lampe,
- 9) «glødetrådslampe» ein lampe der lys vert produsert ved at ein elektrisk straum varmar opp ein trådliknande leiar til han gløder. Lampen kan eventuelt innehalde gassar som påverkar glødeprosessen,
- 10) «glødelampe» ein glødetrådslampe der glødetråden er omslutta av ein lufttom glaskolbe eller av ein glaskolbe med edelgass,
- 11) «halogenlampe» ein glødetrådslampe der glødetråden er av wolfram og er omslutta av gass som inneheld halogen eller halogensambindingar. Lampen kan ha innbygd straumforsyning,
- 12) «utladingslampe» ein lampe der lyset vert produsert direkte eller indirekte ved ei elektrisk utlading i ein gass, metall damp eller ei blanding av fleire gassar og dampar,
- 13) «lysrør» ein utladingslampe av lågtrykkskvikksølvtypen der det meste av lyset vert sendt ut av eitt eller fleire lag lysstoff som lyser ved påverknad av ultrafiolett stråling frå utladinga. Lysrør kan ha innbygd forkopling,
- 14) «lysrør utan innbygd forkopling» lysrør med enkel eller dobbel sokkel utan innbygd forkopling,
- 15) «høgintensiv utladingslampe» ein elektrisk utladingslampe der lysbogen vert stabilisert av veggtemperaturen, og der energistraumen mot og gjennom veggen til utladingsrøret overstig 3 watt per kvadratcentimeter,
- 16) «lysemitterande diode» eller «LED» ei lyskjelde som omfattar ein halvleiarkomponent med ein p-n-overgang. Overgangen gjev frå seg optisk stråling ved påverknad av ein elektrisk straum,
- 17) «LED-pakke» ei eining som er samansett av ein eller fleire lysemitterande diodar. Eininga kan omfatte eit optisk element og termiske, mekaniske og elektriske grensesnitt,
- 18) «LED-modul» ei eining utan sokkel, som er samansett av ein eller fleire LED-pakkar på eit krinskort. Eininga kan ha elektriske, optiske, mekaniske og termiske komponentar, grensesnitt og forkoplingsutstyr,
- 19) «LED-lampe» ein lampe som omfattar ein eller fleire LED-modular. Lampen kan vere utstyrt med ein sokkel,
- 20) «forkoplingsutstyr for lampar» ei innretning mellom straumforsyninga og ein eller fleire lampar, med ein funksjon som er knytt til drifta av lampen eller lampane, til dømes omforming av tilførselsspenning, avgrensing av straumstyrken til lampen eller lampane til ein fastsett verdi, sikring av startspenning og førevarmingsstraum, hindring av kaldstart, korrigering av effekt faktoren eller redusering av radiostøy. Innretninga kan vere utforma på ein slik måte at ho skal koplast til anna forkoplingsutstyr for lampar for at desse funksjonane skal kunne utførast. Termen omfattar ikkje
- styringsinnretningar,
 - straumforsyning som omformar nettspenninga til annan tilførselsspenning, og som er utforma for straumtilførsel både til lysgjevande produkt og andre produkt som ikkje har lysgjeving som hovudføremål, i den same installasjonen,
- 21) «styringsinnretning» ei elektronisk eller mekanisk innretning som styrer eller overvakar lysfluksen til lampen på annan måte enn ved omforming av den elektriske spenninga til lampen, til dømes tidsbrytarar, nærværssensarar, lyssensarar og innretningar for dagslysregulering. Lysdimmarar med fasestyring skal òg reknast som styringsinnretningar,
- 22) «eksternt forkoplingsutstyr for lampar» ikkje-integrert forkoplingsutstyr for lampar som er utforma for installasjon utanfor lampen eller lysarmaturen, eller utstyr som kan fjernast frå lampekolben utan at lampen eller lysarmaturen vert skadde permanent,
- 23) «forkopling» forkoplingsutstyr for lampar som er plassert mellom straumforsyninga og ein eller fleire utladingslampar som ved hjelp av induktans, kapasitans eller ein kombinasjon av desse hovudsakleg tener til å avgrense straumstyrken til lampen eller lampane til ein fastsett verdi,
- 24) «forkoplingsutstyr for halogenlampar» forkoplingsutstyr for lampar som omformar nettspenning til ekstra låg spenning for halogenlampar,
- 25) «kompaktlysrør» eit lysrør som omfattar alle dei komponentane som er naudsynte for tenning og stabil drift av lampen,
- 26) «lysarmatur» eit apparat som fordeler, filtrerer eller omformar lyset frå ein eller fleire lampar, og som omfattar alle dei delane som er naudsynte for å støtte, feste og verne lampane og, der det er naudsynt, hjelpekrinsar og innretningar for å kople dei til straumforsyninga,
- 27) «utsalsstad» ein stad der produktet vert stilt ut eller tilbode sluttbrukaren for sal, leige eller kjøp på avbetaling,
- 28) «sluttbrukar» ein fysisk person som kjøper eller er venta å kjøpe ein elektrisk lampe eller lysarmatur for føremål som ligg utanfor næringsverksemda, forretningsverksemda, handverket eller yrket hans,
- 29) «endeleg eigar» den personen eller eininga som eig eit produkt i bruksfasen av livssyklusen til produktet, eller alle personar eller einingar som handlar på vegner av ein slik person eller ei slik eining.

Artikkel 3

Ansvar til leverandørane

1. Leverandørar av elektriske lampar som vert bringa i omsetning som einskilde produkt, skal syte for følgjande:
 - a) Det skal utarbeidast eit produkt datablad, slik det er fastsett i vedlegg II.

- b) Den tekniske dokumentasjonen som er fastsett i vedlegg III, skal på oppmoding gjerast tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane og for Kommisjonen.
- c) All reklame, alle formelle prisopplysningar eller tilbod i ein tilbodsprosedyre som inneheld energirelaterte opplysningar eller prisopplysningar om ein viss lampe, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen til lampen.
- d) Alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss lampe, som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til lampen, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen til denne lampen.
- e) Dersom lampen er meint for marknadsføring gjennom ein utsalsstad, skal det utarbeidast ein etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I.1, som skal plasserast på, trykkjast på eller festast til utsida av emballasjen til kvar einskild lampe, og den nominelle effekten til lampen skal førast opp utanfor etiketten på utsida av emballasjen.

2. Leverandørar av lysarmaturar som skal marknadsførast overfor sluttbrukarar, skal syte for følgjande:

- a) Den tekniske dokumentasjonen som er fastsett i vedlegg III, skal på oppmoding gjerast tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane og for Kommisjonen.
- b) Dei opplysningane som finst på etiketten i samsvar med vedlegg I.2, skal gjevast i følgjande situasjonar:
 - i) i all reklame, alle formelle prisopplysningar eller tilbod i ein tilbodsprosedyre som inneheld energirelaterte opplysningar eller prisopplysningar om ein viss lysarmatur,
 - ii) i alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss lysarmatur som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til armaturen.

I desse tilfella kan opplysningane gjevast i andre format enn det som er fastsett i vedlegg I.2, til dømes som rein tekst.

- c) Dersom lysarmaturen er meint for marknadsføring gjennom ein utsalsstad, skal ein etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I, gjerast gratis tilgjengeleg for forhandlarar, anten i elektronisk format eller papirformat. Dersom leverandøren vel eit leveringssystem som inneber at etikettane vert leverte berre på oppmoding frå forhandlarane, skal leverandøren levere etiketten så snart ei slik oppmoding er motteken.
- d) Dersom lysarmaturen vert bringa i omsetning for sluttbrukarar i emballasje som òg omfattar elektriske lampar som sluttbrukaren kan byte ut i lysarmaturen, skal originalemballasjen til desse lampane følgje med i emballasjen til lysarmaturen. Dersom dette ikkje er tilfelle, må dei opplysningane som er påførte originalemballasjen til lampane, og som krevst etter denne forordninga og kommisjonsforordningar om krav til miljøvenleg utforming av lampar i medhald av direktiv 2009/125/EF, finnast i ei annan form på utsida eller innsida av emballasjen til lysarmaturen.

Dersom leverandørar av lysarmaturar som er meinte for marknadsføring gjennom ein utsalsstad, gjev opplysningar i

medhald av denne forordninga, skal dei reknast for å ha oppfylt plikta si som distributørar når det gjeld krav til produktopplysningar for lampar slik det er fastsett i kommisjonsforordningar om krav til miljøvenleg utforming av lampar i medhald av direktiv 2009/125/EF.

Artikkel 4

Ansvar for forhandlarane

1. Forhandlarar av elektriske lampar skal syte for følgjande:
 - a) Kvar modell som vert tilboden for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at den endelege eigaren får sjå produktet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV.
 - b) All reklame, alle formelle prisopplysningar eller tilbod i ein tilbodsprosedyre som inneheld energirelaterte opplysningar eller prisopplysningar om ein viss modell, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen til modellen.
 - c) Alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss modell, som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til modellen, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen til denne modellen.
2. Forhandlarar av lysarmaturar som vert marknadsførte overfor sluttbrukarar, skal syte for følgjande:
 - a) Dei opplysningane som finst på etiketten i samsvar med vedlegg I.2, skal gjevast i følgjande situasjonar:
 - i) i all reklame, alle formelle prisopplysningar eller tilbod i ein tilbodsprosedyre som inneheld energirelaterte opplysningar eller prisopplysningar om ein viss lysarmatur,
 - ii) i alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss lysarmatur som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til lysarmaturen.

I desse tilfella kan opplysningane gjevast i andre format enn det som er fastsett i vedlegg I.2, til dømes som rein tekst.

- b) Etiketten slik han er fastsett i vedlegg I.2, skal følgje med kvar einskild modell på utsalsstaden. Etiketten skal visast på ein av eller begge følgjande måtar:
 - i) i nærleiken av lysarmaturen som vert stilt ut, slik at han er godt synleg og det går tydeleg fram at etiketten høyrer til modellen, utan at det skal vere naudsynt å lese merkenamnet og modellnummeret på etiketten,
 - ii) på ein mest mogleg tydeleg måte saman med dei mest synlege opplysningane om lysarmaturen som vert stilt ut (til dømes pris eller tekniske opplysningar) på utsalsstaden.
- c) Dersom lysarmaturen vert seld til sluttbrukarar i emballasje som òg omfattar elektriske lampar som sluttbrukaren kan byte ut i lysarmaturen, skal originalemballasjen til desse lampane følgje med i emballasjen til lysarmaturen. Dersom dette ikkje er tilfelle, må dei opplysningane som er påførte

originalemballasjen til lampene, og som krevst etter denne forordninga og kommisjonsforordningar om krav til miljøvenleg utforming av lampar i medhald av direktiv 2009/125/EF, finnast i ei annan form på utsida eller innsida av emballasjen til lysarmaturen.

Artikkel 5

Målemetodar

Dei opplysningane som skal gjevast i medhald av artikkel 3 og 4, skal byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som tek omsyn til dei nyaste sannkjende metodane, slik det er fastsett i vedlegg V.

Artikkel 6

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

Medlemsstatane skal nytte den framgangsmåten som er fastsett i vedlegg V ved samsvarsvurdering av den oppgjevne energieffektivitetsklassen og energiforbruket.

Artikkel 7

Revisjon

Kommisjonen skal vurdere denne forordninga på nytt i lys av den teknologiske utviklinga seinast tre år etter at ho tek til å gjelde. Vurderinga skal særleg omfatte dei verifiseringstoleransane som er fastsette i vedlegg V.

Artikkel 8

Oppheving

Direktiv 98/11/EF vert oppheva med verknad frå 1. september 2013.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 12. juli 2012.

Tilvisingar til direktiv 98/11/EF skal forståast som tilvisingar til denne forordninga. Tilvisingar til vedlegg IV til direktiv 98/11/EF skal forståast som tilvisingar til vedlegg VI til denne forordninga.

Artikkel 9

Overgangsføresegner

1. Artikkel 3 nr. 2 og artikkel 4 nr. 2 skal ikkje nyttast på lysarmaturar før 1. mars 2014.

2. Artikkel 3 nr. 1 bokstav c) og d) og artikkel 4 nr. 1 bokstav a)–c) skal ikkje nyttast på prenta reklame og prenta teknisk salsfremjande materiell som vert offentleggjort før 1. mars 2014.

3. Lampar som er nemnde i artikkel 1 nr. 1 og 2 i direktiv 98/11/EF, og som er bringa i omsetning før 1. september 2013, skal vere i samsvar med dei føresegnene som er fastsette i direktiv 98/11/EF.

4. Lampar som er nemnde i artikkel 1 nr. 1 og 2 i direktiv 98/11/EF og er i samsvar med føresegnene i denne forordninga, og som er bringa i omsetning eller tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling før 1. september 2013, skal reknast for å oppfylle krava i direktiv 98/11/EF.

Artikkel 10

Ikraftsetjing og bruk

1. Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

2. Ho skal nyttast frå 1. september 2013, bortsett frå i dei tilfella som er oppførte i artikkel 9.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO


President

VEDLEGG I

Etikett

1. ETIKETT TIL ELEKTRISKE LAMPAR SOM SKAL VISAST PÅ UTSALSSTADEN

1) Etiketten skal vere i samsvar med illustrasjonen nedanfor dersom han ikkje er prenta på emballasjen:



2) Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:


I. Namnet eller varemerket til leverandøren.

II. Modellenemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss lampemodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.


III. Energieffektivitetsklassen som er fastsett i samsvar med vedlegg VI; pila som viser energieffektivitetsklassen til lampen, skal plasserast jamhøgt med pila som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.

IV. Det vegne energiforbruket (E_C), uttrykt i kWh per 1 000 timar, utrekna og avrunda oppover til nærmaste heiltal i samsvar med vedlegg VII.

- 3) Dersom etiketten er prenta på emballasjen, og dei opplysningane som er oppførte i nr. 2) punkt I, II og IV, finst andre stader på emballasjen, kan dei utelatast frå etiketten. Etiketten skal då veljast blant illustrasjonane nedanfor:



- 4) Etiketten skal utformast på følgjande måte:



der:

- a) Storleiksspesifikasjonane i figuren ovanfor og i bokstav d) skal nyttast til ein lampeetikett som er 36 mm brei og 75 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit anna format, må innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.

Den versjonen av etiketten som er nemnd i nr. 1) og 2), skal vere minst 36 mm brei og 75 mm høg, og dei versjonane som er nemnde i nr. 3), skal vere høvesvis minst 36 mm breie og 68 mm høge og minst 36 mm breie og 62 mm høge. Dersom ingen av sidene til emballasjen er store nok til å romme etiketten med marg, eller dersom etiketten og margene dekkjer meir enn 50 % av overflata på den største sida, kan etiketten og margene minskast så mykje som det er naudsynt for å oppfylle dei to nemnde vilkåra. Etiketten kan likevel ikkje i noko tilfelle minskast til under 40 % (i høgda) av standardstorleiken. Dersom emballasjen er for liten til å romme ein etikett som er minskt på denne måten, må ein etikett som er 36 mm brei og 75 mm høg, festast til lampen eller emballasjen.

- b) Bakgrunnen skal vere kvit, både for fargeversjonen og den einsfarga versjonen av etiketten.
- c) For fargeversjonen av etiketten skal fargane vere CMYK – cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- d) Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor; fargespesifikasjonane gjeld berre for fargeversjonen av etiketten):

❶ **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 1 mm.

❷ **EU-logo** — fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

❸ **Energilogo:** farge: X-00-00-00. Piktogram slik figuren viser: EU-logo og energilogo (til saman): breidd: 30 mm, høgd: 9 mm.

④ **Linje under logoane:** 1 pkt. — farge: cyan 100 % — lengd: 30 mm.

⑤ **Skala frå A++ til E**

– **Pil:** Høgde: 5 mm, mellomrom: 0,8 mm — fargar:

Høgste klasse: X-00-X-00,

Andre klasse: 70-00-X-00,

Tredje klasse: 30-00-X-00,

Fjerde klasse: 00-00-X-00,

Femte klasse: 00-30-X-00,

Sjette klasse: 00-70-X-00,

Lågaste klasse: 00-X-X-00.

– **Tekst:** Calibri feit skrift 15 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 15 pkt., heva skrift, kvit, justert på éi linje.

⑥ **Energieffektivitetsklasse**

– **Pil:** Breidd: 11,2 mm, høgde: 7 mm, 100 % svart.

– **Tekst:** Calibri feit skrift 20 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 20 pkt., heva skrift, kvit, justert på éi linje.

⑦ **Vege energiforbruk**

Verdi: Calibri feit skrift 16 pkt., 100 % svart; og Calibri normal 9 pkt., 100 % svart.

⑧ **Namnet eller varemerket til leverandøren**

⑨ **Modellnemninga til leverandøren**

Namnet eller varemerket til leverandøren og modellnemninga skal få plass i eit felt på 30 × 7 mm.


Ingenting anna skal plasserast eller prentast på eller festast til den einskilde emballasjen på ein slik måte at etiketten vert dekt til eller vert mindre synleg.

Som eit unntak gjeld likevel at dersom ein modell er tildelt eit «EU-miljømerke» i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010⁽¹⁾, kan ein kopi av EU-miljømerket påførast i tillegg.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

2. ETIKETT TIL LYSARMATURAR SOM SKAL VISAST PÅ UTSALSSTADEN

- 1) Etiketten skal nyttast i den språkversjonen som høver, og vere utforma slik det går fram av illustrasjonen nedanfor eller i ein av variantane som er fastsette i nr. 2) og 3):




- 2) Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:


- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss lysarmaturmodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.
- III. Den setninga som dømet i nr. 1) viser, eller eventuelt eitt av alternativa frå døma i nr. 3) nedanfor. I staden for ordet «lysarmatur» kan det nyttast ein meir presis term som omtalar den særskilde lysarmaturtypen eller det særskilte produktet som lysarmaturen er innbygd i (til dømes møblar), så lenge det går tydeleg fram at termen viser til det produktet som er til sals, og som driv lyskjeldene.
- IV. Dei ulike energieffektivitetsklassane i samsvar med del 1 i dette vedlegget, saman med dei følgjande elementa, alt etter kva som høver:
 - a) Eit «lyspærepiktogram» som viser kva klassar av lampar som brukaren kan byte ut, og som lysarmaturen kan nyttast saman med i samsvar med dei nyaste krava til kompatibilitet.
 - b) Eit kryss over dei klassane av lampar som lysarmaturen ikkje kan nyttast saman med i samsvar med dei nyaste krava til kompatibilitet.
 - c) Bokstavane «LED» plassert loddrett langs klassane A til A++ dersom lysarmaturen inneheld LED-modular som ikkje skal fjernast av sluttbrukaren. Dersom ein slik lysarmatur ikkje har haldarar til lampar som kan bytast ut av brukaren, skal det setjast eit kryss over klassane frå B til E.

V. Eitt av dei følgjande alternativa, alt etter kva som høver:


- a) Setninga i dømet i nr. 1) med relevante energiklassar dersom lysarmaturen skal nyttast saman med lampar som kan bytast ut av sluttbrukaren, og desse lampane følgjer med i emballasjen til lysarmaturen. Om naudsynt kan setninga tilpassast slik at ho viser til éin lampe eller fleire lampar, og det kan førast opp fleire energiklassar.
 - b) Setninga i dømet i nr. 3) bokstav b) dersom lysarmaturen inneheld berre LED-modular som ikkje skal fjernast av sluttbrukaren.
 - c) Setninga i dømet i nr. 3) bokstav d) dersom lysarmaturen inneheld både LED-modular som ikkje skal fjernast av sluttbrukaren, og haldarar til lampar som kan bytast ut, og desse lampane ikkje følgjer med lysarmaturen.
 - d) Eit tomt felt slik dømet i nr. 3) bokstav a) viser dersom lysarmaturen berre skal nyttast saman med lampar som kan bytast ut av sluttbrukaren, og desse lampane ikkje følgjer med lysarmaturen.
- 3) Illustrasjonane nedanfor gjev døme på andre typiske etikettar til lysarmaturar enn dei som er viste i illustrasjonen i nr. 1), men utan å vise alle dei kombinasjonane som er moglege:
- a) Lysarmatur som fungerer saman med lampar som kan bytast ut av brukaren, og som kan nyttast saman med lampar i alle energiklassar og vert leverte utan medfølgjande lampar:




- b) Lysarmatur som inneheld LED-modular som ikkje kan bytast ut:




- c) Lysarmatur som inneheld både LED-modular som ikkje kan bytast ut, og haldarar til lampar som kan bytast ut av brukaren, og som vert leverte med medfølgjande lampar:



- d) Lysarmatur som inneheld både LED-modular som ikkje kan bytast ut, og haldarar til lampar som kan bytast ut av brukaren, og som vert leverte utan medfølgjande lampar:



4) Etiketten skal utformast slik figurane nedanfor viser.



- a) Denne versjonen av etiketten skal vere minst 50 mm brei og 100 mm høg.
- b) Bakgrunnen skal vere kvit eller gjennomsynleg, men bokstavane som viser energiklassane, skal alltid vere kvite. Når bakgrunnen er gjennomsynleg, skal forhandlaren syte for at etiketten vert festa på ei overflate som er kvit eller lys grå, slik at alle delane av etiketten er leselege.
- c) Fargane skal vere CMYK – cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- d) Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor):

- ❶ **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 1 mm.
- ❷ **Linje under logoane:** 1 pkt. — farge: cyan 100 % — lengd: 43 mm.
- ❸ **Logo for lysarmatur:** Kantlinje: 1 pkt. — farge: cyan 100 % — storleik: 13 mm × 13 mm — avrunda hjørne: 1 mm. Piktogram slik figuren viser, eller leverandøren sitt eige piktogram eller foto, dersom dette på ein tydelegare måte viser kva lysarmatur etiketten høyrer til.
- ❹ **Tekst:** Calibri normal 9 pkt. eller større, 100 % svart.
- ❺ **Skala frå A++ til E**

– **Pil:** Høgd: 5 mm, mellomrom: 0,8 mm — fargar:

Høgste klasse: X-00-X-00,

Andre klasse: 70-00-X-00,

Tredje klasse: 30-00-X-00,

Fjerde klasse: 00-00-X-00,

Femte klasse: 00-30-X-00,

Sjette klasse: 00-70-X-00,

Lågaste klasse: 00-X-X-00.

- **Tekst:** Calibri feit skrift 14 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 14 pkt., heva skrift, kvit, justert på éi linje.

⑥ **LED-tekst:** Verdana normal 15 pkt., 100 % svart.

⑦ **Kryss:** Farge: 13-X-X-04, linjebreidd: 3 pkt.

⑧ **Lyspærelogo:** Piktogram slik figuren viser.

⑨ **Tekst:** Calibri normal 10 pkt. eller større, 100 % svart.

⑩ **Nummeret til forordninga:** Calibri feit skrift 10 pkt., 100 % svart.

⑪ **EU-logo:** Fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

⑫ **Namnet eller varemerket til leverandøren.**

⑬ **Modellnemninga til leverandøren:**




Namnet eller varemerket til leverandøren og modellnemninga skal få plass i eit felt på 43 × 10 mm.

⑭ **Energiklassepil**

- **Pil:** Høgd: 3,9 mm, breidd: slik illustrasjonen i nr. 4) viser, men forminska i same høve som høgda, farge: som vist i ⑤, slik det høver.
- **Tekst:** Calibri feit skrift 10,5 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 10,5 pkt., heva skrift, kvit, justert på éi linje.

Dersom det ikkje er nok plass til å vise energiklassepilene i same område som den setninga som er nemnd i nr. 2) punkt V bokstav a), kan området mellom nummeret til forordninga og EU-logoen nyttast til dette føremålet.

- e) Etiketten kan òg visast i liggjande retning, og skal då vere minst 100 mm brei og 50 mm høg. Etiketten skal innehalde dei delane som er omtala i bokstav b)–d), og desse skal plasserast i samsvar med døma nedanfor, slik det høver. Dersom det ikkje er nok plass til å vise energiklassepilene i tekstfeltet til venstre for energiklasseskalaen A++ til E, kan tekstfeltet gjerast høgre etter behov.



*VEDLEGG II***Produktdatablad for elektriske lampar**

Databladet skal innehalde dei opplysningane som er fastsette for etiketten. Dersom det ikkje er utarbeidd produktbrosjyrar, kan den etiketten som følgjer med produktet, òg reknast som datablad.

*VEDLEGG III***Teknisk dokumentasjon**

Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) og nr. 2 bokstav a), skal omfatte følgjande:

- a) Namnet og adressa til leverandøren.
- b) Ein generell omtale av modellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
- c) Tilvisingar til eventuelle harmoniserte standardar som er nytta.
- d) Eventuelle andre tekniske standardar og spesifikasjonar som er nytta.
- e) Namnet på og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren.
- f) Dei tekniske parametrane for fastsetjing av energiforbruket og energieffektiviteten til elektriske lampar, og kompatibiliteten mellom lampar og lysarmaturar, saman med opplysningar om minst éin realistisk kombinasjon av produktinnstillingar og -vilkår som produktet kan prøvast under.
- g) Resultata av utrekningane for elektriske lampar, utførte i samsvar med vedlegg VII.

Opplysningane i denne tekniske dokumentasjonen kan slåast saman med den tekniske dokumentasjonen som skal leggjast fram i samsvar med tiltak som er gjorde i medhald av direktiv 2009/125/EF.

*VEDLEGG IV***Opplysningar som skal gjevast i tilfelle der det ikkje kan ventast at dei endelege eigarane får sjå produktet stilt ut**

1. Dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a), skal gjevast i følgjande rekkjefølgje:
 - a) Energieffektivitetsklassen, slik det er fastsett i vedlegg VI.
 - b) Når det er eit krav i medhald av vedlegg I, det vegne energiforbruk, uttrykt i kWh per 1 000 timar, avrunda oppover til nærmaste heiltal og utrekna i samsvar med vedlegg VII del 2.
2. Dersom det vert gjeve ytterlegare opplysningar i produktdatabladet, skal desse ha den forma og rekkjefølgja som er fastsett i vedlegg II.
3. Alle opplysningane som er nemnde i dette vedlegget, skal prentast eller visast med ein storleik og ein skrifttype som gjer dei lette å lese.

VEDLEGG V

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

I samband med utføring av marknadstilsynskontrollar skal marknadstilsynsstyresmaktene melde frå til dei andre medlemsstatane og til Kommisjonen om resultatane av desse kontrollane.

Styresmaktene i medlemsstatane skal nytte pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som byggjer på dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna metodar som er fastsette i dokument der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*.

1. FRAMGANGSMÅTE FOR VERIFISERING AV ELEKTRISKE LAMPAR OG LED-MODULAR SOM VERT MARKNADSFØRTE SOM EINSKILDE PRODUKT

For å kontrollere at det er samsvar med dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4, skal styresmaktene i medlemsstatane utføre prøvingar av eit prøveparti på minst 20 lampar av same modell og frå same produsent, som, dersom det er mogleg, er skaffa fram frå, og likt fordelte mellom fire tilfeldig valde kjelder, og der det vert teke omsyn til dei tekniske parametrane som er fastsette i den tekniske dokumentasjonen i samsvar med vedlegg III bokstav f).

Modellen skal reknast for å oppfylle dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4, dersom energieffektivitetsindeksen hans svarar til den oppgjevne energieffektivitetsklassen, og dersom dei gjennomsnittlege resultatane for partiet ikkje avvik frå grenseverdiane, terskelverdiane eller dei oppgjevne verdiane (medrekna energieffektivitetsindeksen) med meir enn 10 %.

I motsett fall skal modellen reknast for ikkje å oppfylle dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4.

Avvikstoleransane som er nemnde ovanfor, gjeld berre for den verifiseringa som styresmaktene i medlemsstatane utfører av målte parametarar, og skal ikkje nyttast av leverandøren som ein tillaten toleranse for verdiane i den tekniske dokumentasjonen med sikte på å oppnå ein høgere energiklasse.

Dei oppgjevne verdiane skal ikkje vere gunstigare for leverandøren enn dei verdiane som er å finne i den tekniske dokumentasjonen.

2. FRAMGANGSMÅTE FOR VERIFISERING AV LYSARMATURAR SOM SKAL MARKNADSFØRAST ELLER SOM VERT MARKNADSFØRTE OVERFOR SLUTTBRUKAREN

Lysarmaturen skal reknast for å oppfylle dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4, dersom dei produktopplysningane som krevst, er lagde ved, og dersom det er godtgjort at han kan nyttast saman med alle dei lampene som han vert hevda å vere kompatibel med, i samsvar med vedlegg I del 2 nr. 2) punkt IV bokstav a) og b), ved bruk av dei nyaste sannkjende metodane og kriteria for vurdering av kompatibilitet.

VEDLEGG VI

Energieffektivitetsklassar

Energieffektivitetsklassen til lampar skal fastsetjast på grunnlag av energieffektivitetsindeksen (EEI) for lampen, slik det er fastsett i tabell 1.

Energieffektivitetsindeksen for lampar skal fastsetjast i samsvar med vedlegg VII.

Tabell 1

Energieffektivitetsklassar til lampar

Energieffektivitetsklasse	Energieffektivitetsindeks (EEI) for ikkje-retningsbestemte lampar	Energieffektivitetsindeks (EEI) for retningsbestemte lampar
A++ (mest effektiv)	$EEI \leq 0,11$	$EEI \leq 0,13$
A+	$0,11 < EEI \leq 0,17$	$0,13 < EEI \leq 0,18$
A	$0,17 < EEI \leq 0,24$	$0,18 < EEI \leq 0,40$
B	$0,24 < EEI \leq 0,60$	$0,40 < EEI \leq 0,95$
C	$0,60 < EEI \leq 0,80$	$0,95 < EEI \leq 1,20$
D	$0,80 < EEI \leq 0,95$	$1,20 < EEI \leq 1,75$
E (minst effektiv)	$EEI > 0,95$	$EEI > 1,75$

VEDLEGG VII

Metode for utrekning av energieffektivitetsindeks og energiforbruk

1. UTREKNING AV ENERGIEFFEKTIVITETSINDEKS

Ved utrekninga av energieffektivitetsindeksen (EEI) for ein modell skal effekten som er korrigert for eventuelle tap i forkoplingsutstyret, jamførast med referanseeffekten hans. Referanseeffekten vert utrekna på grunnlag av nyttelysfluksen, som er den samla fluksen for ikkje-retningsbestemte lampar, og fluksen i ei kjegle på 90° eller 120° for retningsbestemte lampar.

Energieffektivitetsindeksen (EEI) vert utrekna på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$EEI = P_{cor}/P_{ref}$$

der:

P_{cor} er merkeeffekten (P_{rated}) for modellar utan eksternt forkoplingsutstyr, og merkeeffekten (P_{rated}) korrigert i samsvar med tabell 2 for modellar med eksternt forkoplingsutstyr. Merkeeffekten for lampar vert målt ved den nominelle inngangsspenninga deira.

Tabell 2

Korreksjon av effekt dersom modellen krev eksternt forkoplingsutstyr

Omfanget av korreksjonen	Effekt korrigert for tap i forkoplingsutstyr (P_{cor})
Lampar som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for halogenlampar	$P_{rated} \times 1,06$
Lampar som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for LED-lampar	$P_{rated} \times 1,10$
Lysrør med diameter på 16 mm (T5-lampar) og 4-stifts lysrør med enkel sokkel som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for lysrør	$P_{rated} \times 1,10$
Andre lampar som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for lysrør	$P_{rated} \times \frac{0,24\sqrt{\Phi_{use}} + 0,0103\Phi_{use}}{0,15\sqrt{\Phi_{use}} + 0,0097\Phi_{use}}$
Lampar som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for høgintensive utladingslampar	$P_{rated} \times 1,10$
Lampar som vert drivne med eksternt forkoplingsutstyr for lågtrykksnatriumlampar	$P_{rated} \times 1,15$

P_{ref} er referanseeffekten som vert utrekna på grunnlag av nyttelysfluksen for modellen (Φ_{use}) ved hjelp av følgjande formel:

For modellar med $\Phi_{use} < 1\,300$ lumen: $P_{ref} = 0,88\sqrt{\Phi_{use}} + 0,049\Phi_{use}$

For modellar med $\Phi_{use} \geq 1\,300$ lumen: $P_{ref} = 0,07341\Phi_{use}$

Nyttelysfluksen (Φ_{use}) vert definert i samsvar med tabell 3.

Tabell 3

Definisjon av nyttelysfluks

Modell	Nyttelysfluks (Φ_{use})
Ikkje-retningsbestemte lampar	Samla merkeverdi for lysfluks (Φ)
Retningsbestemte lampar med strålevinkel $\geq 90^\circ$, som ikkje er glødetrådslampar, og som har ei skriftleg eller grafisk utforma åtvaring på emballasjen om at dei ikkje høver til aksentlysgjeving	Merkeverdi for lysfluks i ei kjegle på 120° (Φ_{120°)
Andre retningsbestemte lampar	Merkeverdi for lysfluks i ei kjegle på 90° (Φ_{90°)

2. UTREKNING AV ENERGIFORBRUK

Det vegne energiforbruket (E_c) vert utrekna i kWh/1 000 timar på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$E_c = \frac{P_{cor} \times 1\,000}{1\,000}$$

der P_{cor} er effekt korrigert for eventuelt tap i forkoplingsutstyr i samsvar med del 1 ovanfor.
